

TRAFIKKSIKRINGSPLAN SUND KOMMUNE 2014

BUDSJETT PLANPROSESS

UTGIFTER:

Kommunal eigeninnsats:	
600 timer a kr. 500.-	kr. 300.000.-
Konsulentarbeid	kr. 30.000.-
Møter – servering	kr. 15.000.-
Div. kostnader	kr. 10.000.-
Trykking	kr. 20.000.-
<hr/>	
SUM UTGIFTER	kr. 375.000.-

INNTEKTER:

Eigeninnsats Sund kommune	kr. 325.000.-
Tilskot Hordaland fylkeskommune	kr. 50.000.-
<hr/>	
SUM INNTEKTER	kr. 375.000.-

Skogsskiftet, 29.04.2014

Gerhard Inge Storebø
Gerhard Inge Storebø

Prosjektspesifikasjon

Prosjektnamnⁱ

Rullering av Hovudplan for trafikksikring

Prosjektmålⁱⁱ

Sluttmål: Hovudplan for trafikksikring 2006 – 2015 skal rullerast fram til 2025, med politisk godkjenning innan august 2015.

Planen vert rullert parallelt med Hovudplan for vatn- og avlaup, for betre å leggja til rette for gode samkjørte prosjekt.

Hovudmålet er å ha ein god prosess med brei, representativ deltaking som skapar eigarforhold til planen.

Delmål: Folkehelseperspektiv

Kollektivtransport /miljøperspektiv

Null-visjonen

Mjuke trafikkantar

Teknisk kvalitet på trafikksikring inkludert vedlikehald

Vurdera spesielle risikopunkt

Nosituasjonⁱⁱⁱ

Gjeldande plan går fram til 2015. Nokre av tiltaka er gjennomført (gul farge), noko under regulering (blå farge) og noko står enno att. Dette står i planen:

4.2 AKTUELLE TILTAK

4.2.1 Tyngre kostnadskrevjande tiltak (uprioritert liste)

Kostnad (mill.kr.):

- | | |
|-----------------------------------------------------------------------------------------------|-----|
| 1. <i>Bygging av gangfelt/vegutbetring Vorland Eide.
Utbetring av kryss til Eidesund.</i> | 5,0 |
|-----------------------------------------------------------------------------------------------|-----|

2.	<i>Bygging av gangveg/vegutbetring Vorland/Forland</i>	8,6
3.	<i>GANGVEG FRÅ SUND SKULE TIL LAKSEN RV 555/FV 198.</i>	4,0
4.	<i>Gangveg frå Hammersland til Eide Rv 555. Samordna med</i>	5,0
5.	<i>omlegging av kryss til Tveita.</i>	
6.	<i>Gangveg frå Eide til Spildepollen Fv 201</i>	7,0
7.	<i>Gangveg frå idrettsanlegget i Telavåg til Telavåg skule Fv 202.</i>	5,0
8.	<i>Gangveg frå Sæle til Tofterøy skule Fv 200.</i>	8,0
9.	<i>Gangveg frå Viksøy til kryss Fv 200</i>	2,0
10.	<i>Gangveg frå Kausland til Glesnes kai Fv 201</i>	3,0 rekkefølg.krav til kryss Goltaveg
11.	<i>Omlegging av kryss Sangolt</i>	1,0
12.	<i>Veglysanlegg frå Spildepollen til Telavåg Fv 202</i>	2,0
13.	<i>Bussrundkøyring på Forland Fv 199</i>	0,75
14.	<i>Bussrundkøyring på Klokkarvik kai Rv 555</i>	0,75
15.	<i>Bussrundkøyring på Viksøy</i>	0,75
16.	<i>Bussrundkøyring på Sæle</i>	0,75
17.	<i>Bussrundkøyring på Golta</i>	0,75 sjekk !
18.	<i>Bussrundkøyring på Losvegen</i>	0,5
19.	<i>Veglys Glesnes – Golta</i>	1,5 sjekk !
20.	<i>Sikring av myra mellom Stranda skule og Ungdomshuset</i>	
21.	<i>Ytterlegare sikring av gangtrafikk over rv 555 ved Hammersland byggjefelt</i>	
22.	<i>Gangveg forbi Tofterøy skule</i>	
23.	<i>Gangtunnel under fv 198 ved kommunevegen til skuleområdet i Skogsvåg.</i>	
24.	<i>Gangveg forbi Skagavegen</i>	

4.2.2 Enklare tiltak:

Kostnad (mill.kr.):

1..	<i>Gangfelt i Eide Rv 555</i>	0,05
2.	<i>Gangfelt ved Austefjordvegkrysset RV 555</i>	0,05 sjekk !
3.	<i>Gangfelt ved Hammersland byggjefelt Rv 555</i>	0,05
4.	<i>Gangfelt til Skogevegen</i>	0,05
5.	<i>Gangfelt til Skagavegen Fv 198</i>	0,05
6.	<i>Betre veglys ved fotgjengarovergang. i Skogsskiftet – Skogev.</i>	0,15
7.	<i>"Stopp" skilt i krysset frå Grønebakkane til Skogevegen</i>	0,01
8.	<i>Skilting ved Stranda skule</i>	0,02
9	<i>Sikre rekkverk og bygging av veglys ved Viksøybrua.</i>	
10.	<i>Gangfelt over fv 198 til skuleområdet i Skogsvåg</i>	

11. Setje ned fartsgrense på fv 198 ved skuleområdet i Skogsvåg

4.2.3 Busslommer og busskur

Tiltak:	Retning:	Veg:	Kostnad (mill kr.)
1. Kleppe bedehus mot forland		RV 555	0,1
2. Snuplass Golta		Goltavegen	0,1 sjekk !
3. Slettbergsmøget - Glesnes		Fv 201	0,1
4. Nordre Hummelsund		Fv 200	0,1
5. Tyrnevik		Fv 200	0,1
6. Sæle		Kommuneveg	0,1
7. Spilde (mellom skulen og Spilde)		Fv 201	0,1
8. Dommedal		Fv 198	0,1
9. Hamre mot Forland		Rv 555	0,1 sjekk !
10. Berge mot Eide		Rv 555	0,1
11. Haugeheim mot Forland		Rv 555	0,05
12. Forlandskrysset mot Klokkarvik		Rv 555	0,1
13. Kleppe v/butikken mot Forland		Rv 555	0,1 sjekk !
14. Bakkahagen		Fv 200	0,1
15. Kausland industrifelt mot Glesnes		Fv 201	0,05
16. Midtstegen mot Klokkarvik		Skogevegen	0,05

Prosjektomtale^{iv}

Dette er rullering av gjeldande Hovudplan for trafikksikring. Planen er oppført i kommunestyresak 034/13 om Kommunal planstrategi 2013 – 2015, over planar som skal/bør rullerast. Planen har status som kommunedelplan og vert handsama etter Plan- og bygningslova av 2008.

Gjennom ulike metodar skal planen få ein gjennomgang og bli oppdatert på tiltak og kostnader. Dette vert gjort gjennom kartlegging av dagens trafikale situasjon i kommunen, i høve til utbygging og planar om utbygging. Viktig lokal samarbeidspartner er Sund Vatn og Avlaup, medan eksterne sentrale samarbeidspartnarar er Fylkeskommunen og Statens vegvesen.

Det er ynskjeleg å få til brei og god deltaking av aktuelle aktørar: skular, barnehagar, ulike lag- og organisasjoner, eldrerådet, rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, næringslivet, Trygg Trafikk, Politiet, Statens vegvesen, Hordaland Fylkeskommune,

Arbeidet med Hovudplan for trafikksikring vert gjort med PLP (ProsjektLeiingsProsess) som verktøy, med fasene som der er skildra: prosjektplan, hovudprosjekt (evt. med ulike delprosjekt) og sluttrapport som i dette høve er Hovudplan for trafikksikring.

Organisering og rollar:

Prosjekteigar : Sund kommunestyre

Styringsgruppe: Saksgruppe næring og utvikling (SNU)

Prosjektansvarleg: Rådmannen i Sund

Prosjektleiar : Leiar i stab Gerhard Inge Storebø

Arbeidsgruppe : Gerhard Inge Storebø (leiar) KEN, LK, IT

Anne Britt Fanekrog (barnehage/skule)

Knut Eivind Nygård (drift)

Laila Klemetsaune (folkehelsekoordinator)

Ingebjørg Toft (barne- og ungdomsrepr. etter PBL)

Tidsplan: I høve til deltaking frå barnehagar og skular er det ynskjeleg at førespurnaden kjem til dei i god tid før sommarferien, slik at dei har høve til å ta det med i planlegging si.

Oppstartmøte hausten 2014. Invitera eksterne deltagarar.

Økonomi : Det vert søkt Hordaland Fylkeskommune om tilskot til utarbeiding av trafikksikringsplanen.